



Bygg & Eiendom Vest AS
Idrettsvegen 3
5936 MANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/9084 - 21/88295

Saksbehandlar:
Mette Robertsen
mette.robertsen@alver.kommune.no

Dato:
31.12.2021

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 123/87 Risa

Tiltak: Tomannsbustad
Byggjestad: Gbnr: 123/87
Tiltakshavar: Helland Eiendom & Invest AS
Ansvarleg søkjar: Bygg & Eiendom Vest AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 27.10.2021.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon j.f § 2.11 i reguleringsplanen for Rissundet plan-ID 1263 28091977.

1. 2 terrengsnitt; eitt lengdesnitt og eit tverrsnitt.
Snitta skal vise ny bustad og eksisterande nabohus/ nabotomt.
Det skal setjast kotehøgde på terreng og møner på bygga.
Nytt og eksisterande terreng skal visast.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 28.01.2022. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Til dykkar informasjon nemnes det elles at saka er sendt på høyring til Alver kommune Samferdsel,-veg for uttale om etablering av ny avkøyrsløse til kommunal veg. Uttalefristen er satt til 14.01.2022.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Mette Robertsen
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Bygg & Eiendom Vest AS	Idrettsvegen 3	5936	MANGER
Helland Eiendom & Invest AS	Idrettsvegen 3	5936	MANGER